



Styret i Meland Frivilligsentral

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/386 - 14/1310

Saksbehandlar:

Nina Randal

nina.randal@meland.kommune.no

Dato:

04.02.2014

Gåve til Meland Frivilligsentral frå firmaet Fours AS

I fjor mottok sentralen ei gåve på 10.000,- frå firmaet Fours As til Nattevandrings-prosjektet på Frekhaug. Gåva blei brukt på eit ungdomsarrangement i Meland Aktiv i juni 2013 – Meland Minifestival, der nattevandrarane stilte opp som vakter og hjalp til å gjennomføre arrangementet. Meland Minifestival var ein konsert der vi og hadde med ei bildeutstilling med to unge kunstnarar. På scena sto det lokale og regionale grupper og musikkutøvarar. Arrangementet var for aldersgruppa 14-19 år og var eit rusfritt arrangement. Under planlegginga av Meland Minifestival blei det bestemt – i samarbeid med kulturkonsulenten i Meland kommune – at vi skulle arbeide for at arrangementet skulle vera årleg – gjerne to gonger i året.

Erfaringa vår i etterkant var at vi nådde ikkje heilt fram til målgruppa med informasjon om arrangementet. Det er ei vanskeleg gruppe å nå gjennom vanlege marknadsføringskanalar som annonsering og oppslag på nettsider. For dei som sto på scena vart det klart formulert ønskje om at dette var eit godt tiltak som dei ville stilla opp på frametter – som publikum eller utøvarar.

Hausten 2013 inviterte Frivilligsentralen og kulturkonsulenten inn til eit møte. Vi inviterte to elevar frå elevrådet ved Rosslund skule, to elevar frå Meland ungdomsskule og den lokale representanten for unge arrangørar i UKM. I januar 2014 hadde gruppa eit nytt møte, der vi beslutta å utvide gruppa med 2-3 elevar. I utgangspunktet skulle denne gruppa planlegge og vere med å gjennomføre ein konsert med Kløver Knekt & Skarre r og to andre lokale grupper på Nordgardsløa 7. desember 2013. Konserten blei utsett pga manglande økonomi. Vi er no godt i gong med å planlegge ny konsert etter vi fikk ei ny gåve frå Fours As. Konserten er lagt til fredag 21. mars. Ungdomsdeltakarane er ein triveleg og engasjert gjeng å jobbe med. Dei er svært positive og syns det er kjekt å vere med å skape tilbod for andre ungdommar.

Vår målsetjing med gruppa er:

- Ungdommane veit sjølv kva som fengjer.
- Dei har eit nettverk som er verdifullt i høve til å nå ut til målgruppa.
- Ved å vere med å arrangere – vil dei få kompetanse på å gjennomføre arrangement, noko som er verdifullt for lokalmiljøa.
- Kultureininga har som mål i 2014 å ha fokus på ungdom. Arbeidsgruppa og eit Ungdomsråd (når det kjem på plass til hausten) er gode referansegrupper for andre typar aktivitetar og temaer.

For å gjennomføre konserten og sørge for vakthald blir det sendt ut ei melding til Nattevandrarane med ei oppmoding om å stille.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Dagleg leiar ber om at styret godkjenner at pengegåva frå Fours As blir nytta til arrangementet 21.03.2014 på Nordgardsløa.

Med helsing

Nina Randal
dagleg leiar Frivilligsentral

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Bente Bing Kleiva

Mottakere:

Styret i Meland Frivilligsentral